



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 26.06.2017  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 11:00 - 14:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Olav Stamnes Bjørnberg	AP	Varamedlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Karin Nordheim Flatekval	SP	Varamedlem
Silje Stien	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørn Roald	H	Silje Stien
Hege Eide Vik	SP	Karin Nordheim Flatekval
Heidi Rongved	AP	Olav Stamnes Bjørnberg
Jarle Audestad	SP	Ivar Rødland Bergo



---

**Andre møtande:**

Åse Elin Myking

Truls Morten Kaland

Willy Andre Gjesdal, sakene 42/2017 – 44/2017

Sølvi Legård

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
39/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
40/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
41/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
42/2017	OMLEGGING AV TAKST OG RABATTSYSTEMET FOR VOSSAPAKKEN
43/2017	DALE 1 KRAFTSTASJON TIL KULTURFØREMÅL - BKK AS VAKSDAL KOMMUNE
44/2017	TILSTAND ADMINISTRASJONSBYGG, NÆRINGSBYGG MED MEIR
45/2017	REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2016
46/2017	REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2016 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF
47/2017	TERTIALRAPPORT 1.TERTIAL 2017
48/2017	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2018-2021
49/2017	POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT
50/2017	GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR POLITISKE UTVAL
51/2017	SLIK FUNGERER KOMMUNESTYRET BEST
52/2017	INTERPELLASJON FRÅ MDG VAKSDAL - REGULERING AV KJØRETILLATELSER FOR VANNSCOOTERE I VAKSDAL KOMMUNE
53/2017	SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL



**39/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 39/2017 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**40/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 40/2017 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**41/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**KOM - sak 41/2017 Vedtak:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**42/2017: OMLEGGING AV TAKST OG RABATTSYSTEMET FOR VOSSAPAKKEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskap.
2. Vaksdal kommune meiner at nytt takst- og rabattsystem på ein betre måte må ivareta behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.,

**FPØ - sak 51/2017 Tilråding:**

1. Vaksdal kommune stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskap.
2. Vaksdal kommune meiner at nytt takst- og rabattsystem på ein betre måte må ivareta behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 42/2017 Vedtak:**

1. Vaksdal kommune stiller seg positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskap.
2. Vaksdal kommune meiner at nytt takst- og rabattsystem på ein betre måte må ivareta behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.



**43/2017: DALE 1 KRAFTSTASJON TIL KULTURFØREMÅL - BKK AS VAKSDAL KOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre står ved intensjonsavtalen mellom BKK og Vaksdal kommune dagsett 26.02.2007. Det er uinteressant for Vaksdal kommune å overta eit bygg frå 1927 med den risikoen det medfører. Vaksdal kommunestyre ber BKK leggja til rette for aktivitet som let seg kombinera med aktivitetane i fleirbrukshallen, samt ivaretek «vern gjennom bruk», jf. brev til BKK frå Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren, datert 14.12.2009, «Krav til innhald for bevaring gjennom dokumentasjon av Dale kraftverk Vaksdal kommune.»

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.05.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 37/2017 Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre står ved intensjonsavtalen mellom BKK og Vaksdal kommune dagsett 26.02.2007. Det er uinteressant for Vaksdal kommune å overta eit bygg frå 1927 med den risikoen det medfører. Vaksdal kommunestyre ber BKK leggja til rette for aktivitet som let seg kombinera med aktivitetane i fleirbrukshallen, samt ivaretek «vern gjennom bruk», jf. brev til BKK frå Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren, datert 14.12.2009, «Krav til innhald for bevaring gjennom dokumentasjon av Dale kraftverk Vaksdal kommune.»

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 43/2017 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre står ved intensjonsavtalen mellom BKK og Vaksdal kommune dagsett 26.02.2007. Det er uinteressant for Vaksdal kommune å overta eit bygg frå 1927 med den risikoen det medfører. Vaksdal kommunestyre ber BKK leggja til rette for aktivitet som let seg kombinera med aktivitetane i fleirbrukshallen, samt ivaretek «vern gjennom bruk», jf. brev til BKK frå Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren, datert 14.12.2009, «Krav til innhald for bevaring gjennom dokumentasjon av Dale kraftverk Vaksdal kommune.»

---



**44/2017: TILSTAND ADMINISTRASJONSBYGG, NÆRINGSBYGG MED MEIR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek samandragsrapporten om tilstandsvurderingar for administrasjonsbygg til orientering.

Samlokalisering av barnevern og helsestasjon i 1 etasje i heradshuset vert utført som felles prosjekt med utbetring av rømmingsvegar og ventilasjon i 1 til 3 etasje. I politisk del i 3 etasje inngår inventar, belysning, lyd, IKT samt eventuelt strøyming av video frå møte som del av prosjektet.

Formannskapet vert byggenemnd for arbeidet. Rådmannen kjem attende med framdrift og finansiering av prosjektet i samband med handsaming av budsjett for 2018.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.05.2017**

**Behandling:**

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Ordførar føreslo å endra begrepet byggenemnd til referansegruppe.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 38/2017 Tilråding:**

Kommunestyret tek samandragsrapporten om tilstandsvurderingar for administrasjonsbygg til orientering.

Samlokalisering av barnevern og helsestasjon i 1 etasje i heradshuset vert utført som felles prosjekt med utbetring av rømmingsvegar og ventilasjon i 1 til 3 etasje. I politisk del i 3 etasje inngår inventar, belysning, lyd, IKT samt eventuelt strøyming av video frå møte som del av prosjektet.

Formannskapet vert referansegruppe for arbeidet. Rådmannen kjem attende med framdrift og finansiering av prosjektet i samband med handsaming av budsjett for 2018.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 44/2017 Vedtak:**

Kommunestyret tek samandragsrapporten om tilstandsvurderingar for administrasjonsbygg til orientering.

Samlokalisering av barnevern og helsestasjon i 1 etasje i heradshuset vert utført som felles prosjekt



med utbetring av rømmingsvegar og ventilasjon i 1 til 3 etasje. I politisk del i 3 etasje inngår inventar, belysning, lyd, IKT samt eventuelt strøyming av video frå møte som del av prosjektet.

Formannskapet vert referansegruppe for arbeidet. Rådmannen kjem attende med framdrift og finansiering av prosjektet i samband med handsaming av budsjett for 2018.

---

## **45/2017: REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2016 med eit mindreforbruk/overskot på kr 11.195.437,68,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2016 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 11.195.437,68,- vert sett av til disposisjonsfond konto 2569900 for bruk til finansiering av investeringar i 2018.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

#### **Behandling:**

Rådmannen og økonomisjefen orienterte.  
Presentasjonen vil bli sendt medlemmene.

#### **Endringsframlegg frå Eirik Haga, på vegner av AP, SP, KRF:**

*Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2016 med eit mindreforbruk/overskot på kr 11 195 437,68 på drifta og kr 0 i kapitalrekneskapen.*

*Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2016 for Vaksdal kommune.*

*Mindreforbruket på drifta, kr 11 195 437,68 vert disponert slik:*

- *Reasfaltering kommunale vegar kr 1 000 000*
- *Læremidlar i skulen kr 500 000*
- *Til miljøforbetringar kr 500 000*
- *Til disposisjonsfond kr 9 195 437,68 konto 2569900 for bruk til finansiering av investeringar i 2018*

*Når det gjeld summen til miljøforbetringar ber kommunestyret rådmannen utarbeida ein plan for bruken. Planen må innehalda stimuleringstilskot til privatpersonar med tanke på å skifta ut oljefyring og gamle vedomnar til reintbrennande omnar.*

#### **Røysting**

Framlegget frå Eirik Haga vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg - Framlegget vart vedteke med 5 røyster (AP, SP, KRF)



### **FPØ - sak 46/2017 Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2016 med eit mindreforbruk/overskot på kr 11 195 437,68 på drifta og kr 0 i kapitalrekneskapen. Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2016 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 11 195 437,68 vert disponert slik:

- Reasfaltering kommunale vegar kr 1 000 000
- Læremidlar i skulen kr 500 000
- Til miljøforbetringar kr 500 000
- Til disposisjonsfond kr 9 195 437,68 konto 2569900 for bruk til finansiering av investeringar i 2018

Når det gjeld summen til miljøforbetringar ber kommunestyret rådmannen utarbeida ein plan for bruken. Planen må innehalda stimuleringstilskot til privatpersonar med tanke på å skifta ut oljefyring og gamle vedomnar til reintbrennande omnar.

### **Kommunestyret 26.06.2017**

#### **Behandling:**

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, på vegner av SV, H, FRP og MDG:

*1. Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2016 med eit mindreforbruk/overskot på kr 11 195 437,68 på drifta og kr 0 i kapitalrekneskapen.*

*Mindreforbruket på drifta, kr 11 195 437,68 vert disponert slik:*

- *Lærarstilling, tidleg innsats 1-4 klasse Vaksdal skule 1 000 000*
- *Vedlikehald kommunale vegar 500 000*
- *Vedlikehald kommunale bygg 500 000*
- *Næringsutvikling/K5\*\*\* 2 000 000*
- *Reisekasse for skulane i Vaksdal/miljøtiltak\* 400 000*
- *Læremidlar i skulen kr 500 000*
- *Stimuleringstilskot\*\* kr 100 000*

*Til disposisjonsfond kr 6 195 437,68*

*\*Øyremerka midlar til elevane i Vaksdalsskulen til reise, skidag, leirskule, ekskursjonar, teater, bibliotek, kultur osv. gjennom skuleåret.*

*\*\*Stimuleringstilskot til privatpersonar med tanke på å skifta ut oljefyring og gamle vedomnar til reintbrennande omnar.*

*\*\*\*Øyremerka midlar relatert til næring og utvikling i samband med K5 utbygginga. Pengane vert disponert etter vedtak i kommunestyret.*

*2. Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2016 for Vaksdal kommune.*

*3. Administrasjonen kjem attende med sak til kommunestyret seinast i høve budsjett for 2018 om*





## Vaksdal kommune

*amortiseringsfondet og framtidig disponering av desse midlane. Herunder kva som er staten sine forpliktingar i høve pensjon, jfr. Justisdepartementet 2003 «ikke vesentlig inngripende i kommuneøkonomien»*

Magne Hestad, AP, ba om at notat om mellombels tilsette blir lagt fram i samband med behandling av tertialrapportane

Subsidiert forslag frå Boris Groth, FRP:

*Endre punkt 4 til: Til disposisjonsfond kr 9 195 437,68 konto 2569900 . Evt. bruk vert vedtatt av kommunestyret.*

### **Røysting:**

Det vart røysta slik:

- Kjartan Haugsnes sitt framlegg, punkt 1 og 2, vart sett opp mot formannskapet si tilråding: Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall
- Kjartan Haugsnes sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke
- Boris Groth sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KOM - sak 45/2017 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2016 med eit mindreforbruk/overskot på kr 11 195 437,68 på drifta og kr 0 i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2016 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 11 195 437,68 vert disponert slik:

- Reasfaltering kommunale vegar kr 1 000 000
- Læremidlar i skulen kr 500 000
- Til miljøforbetringar kr 500 000
- Til disposisjonsfond kr 9 195 437,68 konto 2569900 for bruk til finansiering av investeringar i 2018. Evt. bruk vert vedtatt av kommunestyret

Når det gjeld summen til miljøforbetringar ber kommunestyret rådmannen utarbeida ein plan for bruken. Planen må innehalda stimuleringstilskot til privatpersonar med tanke på å skifta ut oljefyring og gamle vedomnar til reintbrennande omnar.

Administrasjonen kjem attende med sak til kommunestyret seinast i høve budsjett for 2018 om amortiseringsfondet og framtidig disponering av desse midlane. Herunder kva som er staten sine forpliktingar i høve pensjon, jfr. Justisdepartementet 2003 «ikke vesentlig inngripende i kommuneøkonomien»

---



**46/2017: REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2016 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG  
OPPLÆRINGSSENTER KF**

**Styret sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Årsmelding og Årsrekneskap for vaksdal kommunale Arbeids og opplæringscenter KF. Eigenkapitaltilskot på kr 12.887,- vert dekket ved overføring frå drift til investeringsrekneskapen. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 180.177,01,- vert av sett til ubundne driftsfond konto 2569900.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 47/2017 Tilråding:**

Kommunestyret godkjenner Årsmelding og Årsrekneskap for vaksdal kommunale Arbeids og opplæringscenter KF. Eigenkapitaltilskot på kr 12.887,- vert dekket ved overføring frå drift til investeringsrekneskapen. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 180.177,01,- vert av sett til ubundne driftsfond konto 2569900.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedteke.

**KOM - sak 46/2017 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Årsmelding og Årsrekneskap for vaksdal kommunale Arbeids og opplæringscenter KF. Eigenkapitaltilskot på kr 12.887,- vert dekket ved overføring frå drift til investeringsrekneskapen. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 180.177,01,- vert av sett til ubundne driftsfond konto 2569900.

---

**47/2017: TERTIALRAPPORT 1.TERTIAL 2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre tek tertialrapport pr 1.tertial til etterretning.

På grunn av utsetjing av Vaksdal vassverk skal vassgebyr for 4. termin 2017 ikkje krevjast inn.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

**Behandling:**

Rådmannen og økonomisjefen orienterte.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 48/2017 Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre tek tertialrapport pr 1.tertial til etterretning.

På grunn av utsetjing av Vaksdal vassverk skal vassgebyr for 4. termin 2017 ikkje krevjast inn.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 47/2017 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre tek tertialrapport pr 1.tertial til etterretning.

På grunn av utsetjing av Vaksdal vassverk skal vassgebyr for 4. termin 2017 ikkje krevjast inn.

---

**48/2017: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2018-2021**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 vert godkjent silk den ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

**Behandling:**

Rådmannen og økonomisjefen orienterte.

Tilleggsframlegg frå Anne Christin Eide på vegner av AP, SP, KRF:

*Kommunestyret ber om ein utbyggingsplan for barnehagane før framlegg av budsjett 2018.*

**Røysting**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Anne Christin Eide sitt framlegg vart samrøystes vedteke.



**FPØ - sak 49/2017 Tilråding:**

Handlingsprogram og Økonomiplan 2018-2021 vert godkjent slik den ligg føre.  
Kommunestyret ber om ein utbyggingsplan for barnehagane før framlegg av budsjett 2018.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 48/2017 Vedtak:**

Handlingsprogram og Økonomiplan 2018-2021 vert godkjent slik den ligg føre.  
Kommunestyret ber om ein utbyggingsplan for barnehagane før framlegg av budsjett 2018.

---

**49/2017: POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Framlegg til delegeringsreglement blir vedteke slik det ligg føre

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Ombudsutvalet ber kommunestyret ta stode til om protokollar frå dei ulike utvala skal leggjast fram som referatsaker til kommunestyret, i samsvar med reglementet.

Samrøystes vedtak.

**OMB - sak 03/2017 Tilråding:**

Framlegg til delegeringsreglement blir vedteke slik det ligg føre.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Leiar i ombudsutvalet gjorde greie for ombudsutvalet si behandling av saka.

Ombudsutvalet si tilråding samrøystes vedteke.



**KOM - sak 49/2017 Vedtak:**

Framlegg til delegeringsreglement blir vedteke slik det ligg føre.

---

**50/2017: GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR POLITISKE UTVAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Evelyn Boge:

*Forslag til endringar i Reglement for kommunestyret*

*7.2 Rådmannens kvarter*

*Etter open halvtime gir rådmannen ein orientering om saker og prosesser av politisk og prinsipiell karakter. Det er ikkje høve til å stilla spørsmål. Eventuelle spørsmål må avvanta til uformell spørjerunde, jf. pkt. 18.1.*

*Pkt. 18.2 Interpellasjonar*

*«Interpellanten og ordførar kan få ordet to gonger.» vert føreslått endra til «Interpellanten og ordførar kan få ordet tre gonger.».*

*Pkt. 20.1 Grunnleggjande opplæring*

*Forslag til ny 2. setning:*

*Praktisk møteavvikling må være del av den grunnleggjande opplæringa.*

*Reglement for godtgjersle til folkevalde*

*Rådmannen undersøker bakgrunnen for at det i pkt. C3 står kr. 135,- pr. time, og kjem med forslag til ein formulering som kan sikra at dette beløpet vert justert. Saka vert handsama i neste møte i Ombudsutvalet.*

**Røysting:**

Det vart røysta punkt for punkt:

Punkt 7.2 vart samrøystes vedteke

Punkt 18.2 vart vedteke mot 1 røyst (Jan Hansen)

Punkt 20.1 vart samrøystes vedteke

Reglement for godtgjersle vart samrøystes vedteke

**OMB - sak 04/2017 Tilråding:**

Reglement for kommunestyret vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endringar:



**7.2 Rådmannens kvarter**

Etter open halvtide gir rådmannen ein orientering om saker og prosesser av politisk og prinsipiell karakter. Det er ikkje høve til å stilla spørsmål. Eventuelle spørsmål må avvenda til uformell spørjerunde, jf. pkt. 18.1.

**Pkt. 18.2 Interpellasjonar**

«Interpellanten og ordførar kan få ordet to gonger.» vert føreslått endra til «Interpellanten og ordførar kan få ordet tre gonger.».

**Pkt. 20.1 Grunnleggjande opplæring**

Forslag til ny 2. setning:

Praktisk møteavvikling må være del av den grunnleggjande opplæringa.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Leiar i ombudsutvalet gjorde greie for ombudsutvalet si behandling av saka.

**Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:**

*Stryk følgjande avsnitt:*

*"Forslag framsett i samanheng med interpellasjonen kan ikkje takast opp til votering i møtet hvis ordførar eller 1/3 av dei møtande motsetter seg dette. Jf. kommuneloven § 34 nr. 1"*

Kjartan Haugsnes trakk forslaget i møtet og ba om at dette blir oversendt til ombudsutvalet for behandling.

Ombudsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 50/2017 Vedtak:**

Reglement for kommunestyret vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endringar:

**7.2 Rådmannens kvarter**

Etter open halvtide gir rådmannen ein orientering om saker og prosesser av politisk og prinsipiell karakter. Det er ikkje høve til å stilla spørsmål. Eventuelle spørsmål må avvenda til uformell spørjerunde, jf. pkt. 18.1.

**Pkt. 18.2 Interpellasjonar**

«Interpellanten og ordførar kan få ordet to gonger.» vert føreslått endra til «Interpellanten og ordførar kan få ordet tre gonger.».

**Pkt. 20.1 Grunnleggjande opplæring**

Forslag til ny 2. setning:

Praktisk møteavvikling må være del av den grunnleggjande opplæringa.



**51/2017: SLIK FUNGERER KOMMUNESTYRET BEST**

**Innstilling frå arbeidsgruppa:**

Kommunestyret godkjenner vedlagde framlegg frå arbeidsgruppa «Slik fungerer kommunestyret best» som retningsgjevande for arbeid, kommunikasjon og samhandling i kommunestyret og underutval.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Framlegg frå Anneli Vatile Lilletvedt, H:

*Under avsnittet Administrasjonen skal gje tydeleg informasjon til kommunestyret:*

*Siste setning endra til: Rådmann skal svara på spørsmål frå kommunestyret som må utgreiast, i neste kommunestyremøte*

Framlegg frå Anneli Vatile Lilletvedt på vegner av H, FRP, SV og MDG

*Framlegget frå arbeidsgruppa vert oversendt ombodsutvalet for å bli innarbeidd i reglementet for kommunestyret og underutval.*

**Røysting**

Det vart først røysta overt framlegg frå arbeidsgruppa - samrøystes vedteke.

Begge tilleggsframlegga frå Anneli Vatile Lilletvedt vart så samrøystes vedtekne.

**KOM - sak 51/2017 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagde framlegg frå arbeidsgruppa «Slik fungerer kommunestyret best» som retningsgjevande for arbeid, kommunikasjon og samhandling i kommunestyret og underutval med følgjande endring i avsnittet Administrasjonen skal gje tydeleg informasjon til kommunestyret:

Siste setning endra til: Rådmann skal svara på spørsmål frå kommunestyret som må utgreiast, i neste kommunestyremøte

Framlegget frå arbeidsgruppa vert oversendt ombodsutvalet for å bli innarbeidd i reglementet for kommunestyret og underutval.

---



**52/2017: INTERPELLASJON FRÅ MDG VAKSDAL - REGULERING AV KJØRETILLATELSER FOR VANNSCOOTERE I VAKSDAL KOMMUNE**

**Frå Tom Charles Johnsen, MDG, låg det føre slik interpellasjon:**

Regjeringen vedtok å oppheve vannscooterloven 18.Mai 2017.

Når forskriften er opphevet er det no opp til hver enkelt kommune å regulere bruken av vannscooter med hjemmel i motorferdselsloven, den sentrale fartsforskriften og havne- og farvannsloven.

75 prosent av kommunene i en spørreundersøkelse utført av Norsk Friluftsliv er imot en slik oppheving.

Høringsuttalelser fra politi, reiselivet, og natur- og friluftslivsorganisasjoner har vært negative. MDG Vaksdal mener det er flere og gode grunner til å reversere lovendringen som har åpnet for fornøyleskjøring med vannscooter i fjorden og ellers i vatn som ligger innenfor kommunen sine grenser.

Vi mener det er riktig å ta avstand til dette endringsforslaget lokalt fordi det fører til økt motorisert ferdsel i naturen.

Det vil også være en betydelig støykilde for omgivelsene på dager mange søker til sjø eller vann for å nyte sol og fredfull natur.

Vi fremmer følgende forslag til sommerens siste kommunestyremøte:

"Rådmann bes utforme et forslag til regulering av vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan holde fart på fem knop."

**Svar frå ordførar:**

Vaksdal formannskap gav slik høyringsuttale i høve oppheving av vannscooterforskriften:

*Regjeringen foreslår å likestille vannscooter med fritidsbåt. Dette vil åpne opp for mer vannscooterkjøring i høy fart nær land. Det skal være opp til hver enkelt kommune å innføre eventuelle restriksjoner. Målet er at regelverket skal bli enklere å håndheve for vannscooterkjørere. Vaksdal formannskap stiller spørsmål om endringen gjør det enklere å overholde hvis kommuner i samme geografiske område har ulikt regelverk.*

*Gjeldende regelverk*

*Inntil 2013 var det forbudt å bruke vannscooter i Norge. I dag er det tillatt så lenge man holder seg minst 400 meter fra land på sjøen, og 500 meter fra land i ferskvann. Det er lov å passere denne vannscooterfrie sonen for å komme til et område for lovlig kjøring, men da bare i veldig lav fart; maks 5 knop. Prinsippet er at vannscooterne ikke skal ødelegge natur, andres naturopplevelser, sikkerhet eller trivsel langs kysten.*

*Vaksdal formannskap mener at mer vannscooterkjøring vil gå på bekostning av alle de som bruker*





kysten og innsjøene som rekreasjonsområde. Ved å fjerne dagens vannscooterfrie soner blir konsekvensene høyere fart nær land som genererer mer støy, flere konflikter og skape utrygghet i skjærgården og ved norske innsjøer. Økt trafikk spesielt nær land vil også gå hardt utover sårbare sjøfuglbestander. Frislipp av vannscootere er en korttenkt politikk som vil gagne få, og ødelegge for veldig mange.

Vaksdal formannskap vil råde til å ikke oppheve vannscooterforskriften av følgende grunner:

1. Fortrenger de myke trafikantene. Det er allerede et høyt konfliktnivå på sjøen på grunn av høy fart og mye støy. Regjeringens forslag vil øke konflikten ytterligere. Vi frykter at den økte motortrafikken som vannscooterne medfører nær land, vil fortrenge myke trafikanter som padlere, badende, roere, seilere og dykkere/fridykkere - og redusere rekreasjonsverdien for turgåere, hyttefolk, turister og alle de som oppholder seg ved kysten vår, på innsjøer og ved vassdrag.
2. Trussel mot dyre- og fuglelivet. Vår kyst har et rikt fugle- og dyreliv, med viktige hekke-, yngle-, myte- og rasteplasser, og vannscooterkjøring vil fortrenge dette.
3. Øker risikoen for ulykker. Fjernes vannscooterregelverket, blir vannscooterens raske og ofte uforutsigbare kjøremønster en økende sikkerhetsrisiko for ikke-motoriserte aktiviteter i sjø og innsjøer.
4. På tvers av faglige anbefalinger En evaluering fra Vista Analyse i 2014 konkluderer med at vannscooterkjøring kan ha vesentlige negative innvirkninger på friluftsopplevelsen til andre grupper.
5. Trenger håndheving av regelverket – ikke fjerning. Vannscootere har bare vært tillatt i Norge i tre år, og ulovlig kjøring har allerede blitt et stort problem. Derfor trenger vi en bedre håndheving av regelverket. Løsningen er ikke å fjerne regelverket – det bør heller settes i verk tiltak som begrenser de negative konsekvensene av vannscooterkjøring.
6. Norskekysten er uoversiktlig. Den norske kystlinjen er uoversiktlig, full av trange sund, holmer og skjær. Store deler av vår kyst passer derfor dårlig for lek med vannscooter. Begrenset oversikt gir økt fare for påkjørsler ved vannscooterkjøring og faren øker dersom vannscootere får operere nært land, slik regjeringens forslag vil innebære.
7. Går på bekostning av reiselivet i Norge – særlig naturbasert reiseliv.
8. Forslaget går på tvers av regjeringens stortingsmelding om friluftsliv. Denne påpeker at motorisert ferdsel utgjør en sikkerhetsrisiko for de som padler, seiler, ror eller bader. Svaret på denne utviklingen kan ikke være å åpne flere områder for mer støy og høy hastighet nær land.

Vannscooterforskriften er oppheva trass i overvekt av negative høringsuttalar.

Kommunane kan vedta lokale forskrifter om bruk av vannscooter.

- Kommunane har heimel i motorferdselloven til å fastsetta lokal forskrift om bruk av vannscooterar i vassdrag og innsjøar der det ikkje alt er forbode.
- Kommunane har i den sentrale fartsforskrifta heimel til å gje lokale forskrifter med fartsgrenser. Den sentrale fartsforskrifta har og generelle krav om aktsemd, tryggleik og omsyn til badande.
- Kommunane har heimel i hamne- og farvannslova til å avgrensa bruk av fartøy på sjøen av omsyn til friluftsliv, miljø, framkoma, trygg ferdsel og forsvarlag bruk

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/na-er-vannscooterforskriften-opphevet/id2553549/>

Ein del kommuner har fastsett lokal forskrift med heimel i den sentrale forskrifta.



Det vil vera i trå med formannskapet si høyringsuttale å utarbeida lokal forskrift som MDG føresler.

Kommunestyret bør ta stilling til MDG sitt framlegg til vedtak:

Rådmann bes utforme et forslag til regulering av vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan holde fart på fem knop.

#### **Kommunestyret 26.06.2017**

##### **Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å leggja fram interpellasjonen.

Ordføreren sitt svar var utsendt på førehand.

Det vart så opna for debatt.

Det vart røysta over framlegget frå interpellanten som vart vedteke mot 4 røyster: H, FRP og Anders Jin Risnes (AP)

##### **KOM - sak 52/2017 Vedtak:**

Rådmann bes utforme et forslag til regulering av vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan holde fart på fem knop.

---

#### **53/2017: SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknad om skjenkeløyve for Milano pizzeria frå 01.06.2017 vert avslått i samsvar med uttale frå Politiet.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 06.06.2017**

##### **Behandling:**

Tilleggsframlegg frå Eirik Haga, AP:

*Kommunestyret må få seg framlagt skriftleg uttale frå Politiet.*

##### **Røysting**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.



**FPØ - sak 52/2017 Tilråding:**

Søknad om skjenkeløyve for Milano pizzeria frå 01.06.2017 vert avslått i samsvar med uttale frå Politiet.

**Kommunestyret 26.06.2017**

**Behandling:**

Saka blei behandla i lukka møte.  
Rådmannen orienterte.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 53/2017 Vedtak:**

Søknad om skjenkeløyve for Milano pizzeria frå 01.06.2017 vert avslått i samsvar med uttale frå Politiet.

---



## SPØRSMÅL

### Skriftlege spørsmål frå Kjartan Haugsnes (utsendt som referatsak 10)

Ordføraren delte ut "Plan for samarbeid skule/barnehage-heim" og "Internkontroll vedkomande elevane sitt skulemiljø, § 9a i opplæringslova" og gav slike svar på spørsmåla:

#### Gjeldande skulane i Vaksdal skuleåret 2017 – 2018

1. Kvifor er ikkje samanslåing av klassar på Vaksdal skule lagt fram som sak til politisk handsaming?  
*Med samanslåtte klassar går eg ut ifrå at Kjartan Haugsnes meiner at undervisning blir gitt til to klassesteg samtidig.*  
*Det er ikkje vanlig at slike beslutningar kjem til politisk handsaming.*  
*Ressursituasjonen i alle skulane i Vaksdal er anstrengt. Stramast er det ved Stanghelle skule.*  
*Det er difor overført ressursar frå Eksingedalen og Stamnes skular til Stanghelle og Vaksdal skular.*  
*Skulane i Vaksdal forhold seg til de klassedelingsreglane som gjaldt før dei blei oppheva – så langt det let seg gjera.*  
*Det er ikkje uvanlig at skulane organiserer delar av undervisninga i storgrupper for å kunne skaffa seg betre deling i tyngre fag.*
2. Kva vil kommunen gjere for å oppfylle opplæringslova og eigne målsettingar om kommunikasjon skule – heim i kommunen?  
*Sjå årshjul for samarbeid heim – skule/barnehage (Utdelt)*

#### Gjeldande mobbing i skulen

*For nokre år siden hadde fylkesmannen tilsyn som gjaldt §9 om mobbing ved skulane i Vaksdal. Då fekk vi nokre avvik.*  
*Desse blei tetta innanfor fristen, og det blei starta eit seriøst og omfattande planarbeid.*  
*Dette er ein plan som fylkesmannen meiner er en forbilletleg plan og no henviser til i regional sammenheng.*

*Elevundersøkinga blir svart på anonymt.*  
*To år på rad har elevane ved Dale barne- og ungsomsskule svart at dei **ikkje** er utsett for mobbing.*  
*I sist møte i Levekårsutvalet orienterte kommunalsjefen om heile elevundersøkinga.*  
*Der var eg til stades.*  
*Ho sa eksplisitt at resultatet som gjaldt mobbing var **eit øyeblikksbilde** av kordan elevane opplever mobbing.*  
*Det er ikkje rett at kommunalsjefen på nokon som helst måte var kategorisk, sjølv om lokalavisene slo opp dette som noko gledeleg.*  
*Eg miner at Kjartan Haugsnes og bør gleda seg over resultatet.*  
*Det blir for meg noko spekulativt å påstå at*  
*«det er liten grunn til å tru at skulane i vår kommune, i stort fråviker det som er gjennomsnittet i Noreg, der om lag 6% av elevmassen opplever mobbing frå andre elevar og 1,8% frå andre Vaksne.»*  
*Elevundersøkinga viser altså noko anna.*



## Vaksdal kommune

*Kommunestyret bør ha klart for seg at:*

- *Vi har dyktige fagfolk i skuleverket på alle nivå*
- *Vi har flinke rektorar som samarbeider godt med kvarandre, lærarar, andre tilsette, elevar, foreldre, barnevern og helsestasjon.*
- *Vi har dyktige lærarar og fagarbeidarar som står i en tøff kvardag, som tar store utfordringar og betyr mykje for den enkelte elev.*
- *Vi har ein kommunalsjef som arbeider for at elevane ved alle skular skal få eit best mogleg undervisningstilbod*

*Alle desse fortener vår respekt og dei treng at vi heiar på dei!*

*Eg er mildt sagt imponert over kordan lærarane i klasseromma har fohralde seg til stramare økonomiske rammer.*

*Eg er så heldig at eg kvart år blir invitert til avslutningsfesten for 10.klasse.*

*I år var det 13. gangen Magnar Helland hadde vore rektor.*

*Det er gledeleg at resultatata til dei som gjekk ut av Dale barne- og ungdomsskule aldri har vore betre på dei 13 åra.*

*Lærarar og skuleleiarar treng at vi som skuleleigar heiar på skulen!*

### **Boris Groth**

Om innkjøpsordninga i Vaksdal kommune.

Rådmannen og ordføraren svarte

### **Evelyn Boge**

Vil ordføraren ta initiativ til å få fram ei sak om å organisera villmarksleir igjen

Ordføraren svarte

### **Anneli Vatle Lilletvedt**

Om status i arbeidet med Stamnes sentrum

Ordføraren svarte

### **Tom Charles Johnsen**

1. Om status i saka vedk. tiltak for å bekjempe brunsnigelen

2. Om oppveksttun på Stamnes

Ordføraren svarte

### **Line Eide Vik**

Om barnehagesaka til familien Langeland på Stamnes

Rådmannen svarte